

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/37/37

av 12. februar 2001

om endring av vedtak 98/488/EF om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til jordbetringsmiddel(*)

[meldt under nummeret K(2001)345]

(2001/157/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 3, 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Kommisjonen har ved vedtak 98/488/EF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av miljømerke til jordbetringsmiddel, som i samsvar med artikkel 3 i det nemnde vedtaket skal gjelde fram til 31. mars 2001.
- 5) Fellesskapsmiljømerket er vorte tildelt fleire produkt i denne produktgruppa.

6) Tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og miljøkriteria skal gjelde for, bør lengjast utan endringar med 18 månader.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er vortne utarbeidde og vedtekne i samsvar med den framgangsmåten for fastsetjing av kriterium for tildeling av miljømerke som er fastsett i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 1980/2000.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Artikkel 3 i vedtak 98/488/EF skal lyde:

«Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde frå 1. april 1998 til 30. september 2002.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. februar 2001.

For Kommisjonen
Margot WALLSTRÖM
Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 57 av 27.2.2001, s. 51, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 163/2001 av 11. desember 2001 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 13 av 7.3.2002, s. 25.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 219 av 7.8.1998, s. 39.